



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 23.01.2023 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte:

Ingmund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Magnar Vigstad, Ellen Brautaset Vatne, Knut Farstad, Anita Øvergård.

Sak 7/23 **Referat frå møte 04.01.2022**
Godkjent.

Sak 8/23 **Valkurs for sokneråd**
Magnar informerte – var ikkje heilt fornøgd. Litt mangelfullt / tynt innhald.

Sak 9/23 **Kyrkjedagane 2023**
Ny dato blir 10. – 12. mars. Vi må få datoane inn i aktivitetsplanen for kommuna.

Blue Horn kjem og speler på fredagen og så håper vi at Hundeidvik Blandakor også kan komme og syngje for oss. Blir suppe, kaker og lodd i kjelleren etterpå.
Magnar sjekker med Ivar Johansen om han kan komme og koke. Ingmund og Magnar kan evt. hjelpe til.

Laurdag: Tombola og årer, sal av mat (ikkje graut i år), diverse underhaldning.
Knut vil høyre med May Lisbeth Aurdal om ho kan komme og informere om eit av misjonsprosjekta vi er med på. (Alternativt om ho også kan komme søndagen i gudstenesta).

Søndag: Gudsteneste kl 11, kyrkjekaffi. Evt selge resten av rullelodka.

Anita gjer klar loddbøker + lager flygeblad for å be om gevinster til årer og tombola.

Sak 10/23 **2. pinsedag**
Vi har hatt tradisjon med utegudsteneste på Hovdeåsen denne dagen. Kanskje vi kan vere oppe med Sæssvatnet i år – ved gapahuken mot Heimstevatnet? Der er det i alle fall grei plass, og lett tilkomst for evt. rullestol og folk som er litt dårlig til beins.

Neste møte: Onsdag 15. februar kl 20.

Magnar kan ikkje møte denne datoen, så Stein Vedvik blir kalla inn som vara.

Referent
Anita